

FITJAR KOMMUNE
RÅDHUSET

5419 FITJAR

Vår dato: 21.03.2019
Vår ref: 2019/247 - 7738/2019 / 140
Dykkar ref: 2018/792-1164/2019

Høring - planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel - Fitjar

Det blir vist til dykkar brev, dagsett 06.02.2019.

Saksprotokoll i Formannskapet - 20.03.2019:

Vedtak

Stord kommune gjev følgjande uttale:

Fitjar kommune skal revidera samfunnsdelen av kommuneplanen. Utkastet til planprogram peikar på sju hovudtema. Av desse har fleire kommuneoverskridande verknadar.

Kommunane i ytre Sunnhordland deler i stor grad bustad- og arbeidsmarknad, og utviklinga i ein kommune har innverknad på nabokommunane. Hovudtemaa vil difor vera viktige for utviklinga av Fitjar-samfunnet, og regionen Sunnhordland som heilskap.

Planprogrammet visar til det tette samarbeidet mellom Bømlo, Fitjar og Stord om arbeidsmetodar og strategiar for vidare utvikling av Sunnhordland. Dette er svært viktig i ei tid der tettare kommunikasjonar, konkurranse frå nye og større kommunar i fylket og samanslåing av fylkeskommunar og fylkesmannsembete utfordrar Sunnhordland sin posisjon. Stord kommune ser fram til eit godt samarbeid i kommuneplanprosessane. Ved å sameina mål og strategiar vil me oppnå meir enn me ville gjort kvar for oss.

Under hovudtema «Levande sentrum» blir utviklinga av tettstaden Fitjar sentrum trekt fram som viktig for utviklinga av kommunen. Stord kommune er samd med dette, og vil i tillegg peika på rolledelinga mellom kommunesenteret og regionsenteret som eit viktig utgreiingstema, for å styrka attraktiviteten i kommunane og regionen.

Stord kommune ser med uro på planane om utbygging av meir vindkraft i Grønafjellet. Me ser på fjellet på Stord-øya som eit felles utfartsområde. Formannskapet kan ikkje støtte desse planane.

Stord kommune ønskjer lukke til med det vidare arbeidet og ser fram til å få kommuneplanen til høyring.

Handsaming

Samrøystes vedteke

* * *

Formannskapet kom med framlegg til nest siste avsnitt slik det ligg føre i vedtaket.

Med helsing

Andreas Moe Larsen
kommuneplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Vedlegg:
- Særutskrift

